



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Suldal

Til deg som har fått dette brevet:

Det vil vera fint om du viser dette brevet til foreldra dine.

Velkommen til å vera konfirmant i kyrkja i 2026!

Det er lenge til mai 2026. Men du har nok begynt å tenka på konfirmasjon. Kanskje lurar du kva konfirmasjon handlar om, og korleis det går føre seg.



Kva er konfirmasjon?

Ordet «konfirmasjon» betyr stadfesting. Dåpen er eit synleg teikn på Guds kjærleik til oss, og den som er døypt høyrer til i kyrkja. Dette vert stadfesta i konfirmasjonen. Konfirmasjonstida leier fram mot konfirmasjonsgudstenesta der me bed til Gud for kvar enkelt av konfirmantane.

For å bli konfirmert må du vera døypt. Dersom du ikkje er døypt kan du bli døypt i løpet av konfirmasjonstida.

Kva gjer me i konfirmasjonstida?

Gjennom ulike samlingar inne og ute, undervisning og gudstenester ønsker me at du gjennom året skal læra meir og tenka igjennom tema knytt til m.a. tru/tvil, Bibelen, sjølvbilde, korleis ta gode val og andre tema knytt til Gud og kristen tru. Du treng ikkje å ha tenkt igjennom alt på førehand, men i løpet av året vil du få høve til å gjera deg opp eigne tankar og meiningar knytt til dette.

Kva Seier du ja til?

I løpet av konfirmantåret har me samlingar omtrent anna kvar veke utanom feriar. Det kan vera turar, felles undervisning, heimegrupper eller temasamlingar. Alt er obligatorisk.

Ein sentral del av konfirmantåret er at de skal få erfare korleis eit år ser ut i din kyrkjelyd. Det betyr at du som konfirmant må delta på gudstenester. Du vil få oppgåver i nokre av dei.

Ein viktig dag i konfirmantåret er fasteaksjonen tysdag før påske. Då går konfirmantane i si bygd, og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dersom konfirmanten ikkje kan delta ber me om at ein annan frå familien stiller denne dagen.

Tilrettelegging

Kyrkja ønsker å møta alle konfirmantar og familieane deira på ein god måte i deira livssituasjon. Viss du treng ekstra støtte i samlingane eller tilrettelegging på andre måtar, så meld frå om dette til oss på førehand. Meld òg frå om det er andre forhold me treng å vite om. Det kan gjelde mat- og andre allergiar, dysleksi eller andre ting. Informasjonen vert sjølvstendig konfidensielt behandla. All informasjon hjelper oss i staben med å gjere dette til ei kjekk konfirmasjonstid for kvar konfirmant.

Konfirmantleiren 3-5. Oktober 2024

Du kan bare begynna å gleda deg til årets Konfirmantleir! Dette blir ei innhaldsrik helg på Furutangen som er felles for alle konfirmantane frå Suldal og Sauda.

- Eigenandel for leiren er kr.1500. Denne betalast ved påmelding.
- Du får meir informasjon om leiren når me startar opp i haust.

Har du ikkje høve til å vera med på konfirmantleiren?

Du har kanskje ikkje høve til å vera med på konfirmantleiren? Du kan likevel vera konfirmant i 2026. Då vil me ha nokre ekstra timar eller oppgåver for dei som ikkje er med på leiren.

Påmelding innan 15. Juni

Me håper du vil vera konfirmant i Suldal i 2026!

Du kjem til påmeldinga ved å scanne QR-koden eller ved å gå inn på suldal.kyrkja.no (Viss du ikkje får til å melde deg på via heimesida kan du sende ein e-post til post@suldal-kyrkje.no med informasjon, så registrerer me deg). Kjenner du nokon som ikkje har fått invitasjon? Dei er hjarteleg velkomne til å melda seg på!



Oppstart

Me startar opp med foreldremøte: Tysdag 19. august kl. 18:00 i Sand kyrkje.

Me vil gjennomføre individuelle konfirmantsamtalar tidleg i haust. Info kjem om dette.



Ta kontakt

Viss det er noko du eller foreldra dine lurer på kan de ta kontakt med:

Toralf Veum Ladstein,
prest Jelsa, Marvik, Erfjord
Telefon: 971 95 094
E-post: tl932@kyrkja.no

Rolv Henrik Øye,
prest Sand, Suldal, Nesflaten
Telefon: 996 35 097
E-post: ro797@kyrkja.no

Med venleg helsing

Kyrkja i Suldal